



Uskedelingane let seg ikkje skremma av veret på Grunnlovsdagen. Trass i duskregn går kvalifiserte overslag ut på at rundt 500 gjekk i folkeetoget som dette året gjekk via Dønhaug og Stemneplassen og ned til skulen. Der var det så leikar og festprogram. Arrangørane har tydelegvis funne fram til ein gunstig leist og det var ingen ålvorlege klinkk undervegs med unnatak av at det mangla ein forsongar på Stemneplassen.



Røysterett for alle song som koret plar gjera under gudstenesta men stilte med vikardirigent, organist Eva Megyesi fordi Maria Malmsten er i Riga med Rosendalkoret. Seinare song dei og under festprogrammet i Aktivitetshuset



Cathrine Yri Røsland (16) talar ved minnestøtta

Sokneprest Pål Dale streka i preika si under kor  
takknemlege vi har grunn til å vera her i landet over kor godt vi har  
det men han stilte spørsmålet: Kor ofte høyrer du ordet takk?

Femteklassingane las diktet av Olaf Agnar Gausvik ved bautasteinen  
slik klassa plar gjera og musikklaget spela før og etter. Både det og  
skulemusikken som gjekk i toget har imponert og lagt for dagen aukande  
formkurve denne dagen. Under festprogrammet vart Sindre Aksnes  
påskjømma for mangeårig innsats og Lene Storevik Myklebust for 10  
år i skulemusikken. For 3 år i korpset fekk Mia Storevik Myklebust,  
Emilie Bringedal og Anine Enes medaljar.

Toget gjorde stopp ved minnestøtta på Friluftsplassen der 16 år gamle  
Cathrine Yri Røsland bekransa støtta og heldt ei tale som ho vart  
berømma for av programleiinga. Ho tenkte på kor heldig ho var som  
ikkje hadde opplevd så fæle ting som ein krig, men berre tøffe  
fotballkampar. Det var vanskeleg for henne som ung å sjå for seg  
kor grusam ein krig er. Men dei som reiste ut og kjempa for landet  
med livet som innsats var også ungdommar.

Cathrine åtvare og sa at vi må vera observante fordi uro kan bryta ut  
kva tid og kor som helst.  
Ho trakk fram terroråttaket på norsk jord som døme og sa at terror lett  
kan føra til krig.  
Cathrine streka under at det er framtidens unge som skal verne  
landet hvis det vert nye krigar og ungdommane kan makte noko slikt igjen.



Femteklassingane les diktet ved bautasteinen

Tekst og foto:Ola Matti Mathisen



